



Arkivnr: 2017/17901-15

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan transportberedskap på vegnettet!Bakgrunn for saka:**Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 80/2018 i møte 03.10.2018:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyer det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
3. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
4. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følge av hendingar på vegnettet
5. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.
6. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
7. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Drøfting:

Sekretariatet har motteke notat dagsett 25.01.2019 frå fylkesrådmannen med handlingsplan for denne forvaltningsrevisjonen. Av notatet går det m.a. fram at:

«Samanslåinga med Sogn og Fjordane og overflytting av ansvar frå Statens vegvesen til fylkeskommunen gir eit auka ansvar innafor fagområdet beredskap for fylkeskommunen. Det er etablert eit eige delprosjekt som arbeidar med desse problemstillingane i samanslåinga.»

Vidare har vi merka oss at det for om lag halvparten av punkta går fram at fylkesrådmannen meiner at oppfølginga best kan løysast gjennom det arbeidet som er knytt til nytt kriseplanverk for den nye fylkeskommunen. Dette arbeidet skal vera ferdig innan utgangen av 2019. For dei andre punkta går det fram av tilbakemeldinga at forbettingsarbeidet vil vera ferdig gjennomført i løpet av første halvår 2019.

Sekretariatet har forståing for at det kan vera føremålstenleg å handsame fleire av oppfølgingspunktene i samband med utvikling av nye rutinar for Vestland fylkeskommune. Kontrollutvalet bør likevel følge opp framdrifta i dette arbeidet ved å be om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019. Av tilbakemeldinga må det også gå fram korleis forbettingspunktene, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med utvikling av nytt kriseplanverk i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merka seg at det for om lag halvparten av punkta går fram at fylkesrådmannen meiner at oppfølginga best kan løysast gjennom det arbeidet som er knytt til nytt kriseplanverk for den nye fylkeskommunen. Dette arbeidet skal vera ferdig innan utgangen av 2019. For dei andre punkta går det fram av tilbakemeldinga at forbettingsarbeidet vil vera ferdig gjennomført i løpet av første halvår 2019.
2. Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019. Tilbakemeldinga må også innehalde korleis forbettingspunktene, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med utvikling av nytt kriseplanverk i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon innan beredskap på fylkesvegnettet